

Fleire TAF-elevar frå Knarvik vgs. har vunne pris for «Årets lærlingar»

Fleire TAF-elevar frå Knarvik vgs. har vunne pris for «Årets lærlingar»

Ein finn fleire lokale namn blant lærlingprisane i bygg- og anleggsbransjen i Vestland.

KAROLINE NORDGULEN
karoline.nordgulen@nordhordland.no

Entreprenørforeningen Bygg og Anlegg Vestenfjelske Avdeling har delt ut prisen for «Årets lærlingar» i vest til ei rekkje lærlingar som har utmerka seg dette året.

I betongfag-klassen vart førsteprisen delt mellom Sofie Øian frå Veidekke Bergen og Henrik Wisth frå Brødrene Ulveseth.

Det vart også delt andreprisen i betongfag-klassen, som gjekk til både Janniche Næss Bergås frå Backe Bergen og Audun Haukeland frå Obas Vest Bergen.

- Dei fire vinnarane får 10.000 kroner og dei to på andreplass 5.000 kroner kvar, skriv Entreprenørforeningen Bygg og Anlegg Vestenfjelske Avdeling i ei pressemelding.

Alle frå TAF-linja i Knarvik

Felles for alle dei fire lærlingane i betong-klassen er at dei har



«Årets lærling» i betongfaget, Henrik Wisth, flankert av direktør Hans Martin Moxnes i EBA Vestenfjelske og adm. direktør Inger Kristin Ulveseth i Brødrene Ulveseth. **BEGGE FOTO: PRESSEMELDING**

utdanninga si frå TAF-linja på Knarvik vidaregåande skule.

- Øian frå Bergen gjekk TAF-linja på Knarvik vgs., og etter fire år med skulegang og praktisk opplæring tok ho før sommarens fagprøva i betongfaget og eksamen som gav ho studiekompetanse. Som lærling jobba ho for Veidekke Bergen på vegprosjektet E39 Svevatjønn - Rådøl. I haust starta ho på Høgskulen på Vestlandet med mål om å verte byggingeniør.

Wisth, som deler førsteprisen med Øian, avsluttar utdanninga si på TAF-linja til sommeren.

Hos Brødrene Ulveseth i Bergen har han mellom anna jobba med fleire store bustadprosjekt.

- Bestod fagprøva med glans

Av arbeidsgivarane vert han beskrive som positiv, nøyktig og sjølvstendig.

Næss Bergås er frå Seim i Alver kommune. Ho avslutta utdanninga på TAF-linja i år.

Betongfaglærlingen blir beskrive av arbeidsplassen Backe Bergen som sjølvstendig.

- Fagprøva bestod ho med glans. Prøvenemnda meinte det var den best dokumenterte fagprøva dei nokon gong hadde sett med omsyn til skriftleg førebuing, teikningar, snitt og detaljar, skriv dei.

Haukeland, som fekk andreprisen saman med Næss Bergås, har jobba med alt frå rehabilitering av historiske bygg, til demningsprosjekt på fjellet.

- Han har ofte kreative løysingar, og kan verte sett på oppgaver som krev at ein tenker utanfor boksen, skriv Obas Vest.



«Årets lærling» i betongfaget, Sofie Øian frå Veidekke Entreprenør, får sin premie av jury medlem Mads Wiik Kleven fra Fellesforbundet.

Sudoku

5	4	8	1		2			9
	1	2				4		7
		9			8	6		2
		6	8		7	3		
7			5		1	9		
	2	1	9	3				6
		9	6	4	8	2		
	8			5		1		
4								

Lett

6				9	5			
			1	6				9
	4		3			5	6	
	6			4				8
	9		8				2	
		2		3	7			
7	8		9		2			
1		6				9		
					1			

Vanskelig

pondus

